

 <b>HORDALAND</b> <b>FYLKESKOMMUNE</b>	<h2 style="text-align: center;">Drosjereglement for Stord kommune</h2>			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjent av: Samferdselssutvalet	Gjeld frå: 01.05.2015	Tal sider: 3
	Utarbeidd av: Samferdselsavdelinga	Godkjent dato:	Revidert:	Arkivsak:

### 1. Føremål

Dette reglementet har følgjande føremål:

- Sikra eit tenleg drosjetilbod i Stord kommune
- Sikra kvalitet i fylkeskommunen sitt arbeid med å forvalta drosjeløyve på Stord
- Etablera rutinar for justering av løyvettalet som er kjent for aktørane i næringa
- Sikra ein sunn konkurranse i drosjenæringa både mellom drosjesentralar og mellom løyvehavarane

### 2. Verkeområde

Reglementet gjeld med verknad frå 01.05.2015. Reglementet gjeld for dei drosjesentralane som til ei kvar tid formidlar drosjetenester i Stord kommune og for løyvehavarar tilknytt desse drosjesentralane.

### 3. Plikt for løyvehavar til å ha formidlingsavtale med drosjesentral (tilknytingsplikt)

Samlede løyvehavarar har rett og plikt til å vera tilslutta drosjesentral godkjent av fylkeskommunen. Det må leggja føre skriftleg avtale mellom løyvehavar og sentral som regulerer partane sin rettar og plikter (formidlingsavtale).

Drosjesentralane har plikt til å oversenda kopi av formidlingsavtale med løyvehavar til fylkeskommunen innan 14 dagar etter at avtalen er inngått. Endringar i avtale skal meldast til fylkeskommunen.

Eit drosjeløyve er berre tilknytt den einskilde sentral i den tida formidlingsavtale med ein bestemt løyvehavar løper. Frå det tidspunktet løye vert ledig opphører sentraltilknytinga.

### 4. Drosjesentralane si rapporteringsplikt

Drosjesentralane pliktar etter krav frå fylkeskommunen å oversenda relevant statistikk som fylkeskommunen måtte ha behov for, jf. yrkestransportforskrifta § 21. Ved brot på denne plikta kan fylkeskommunen fatta vedtak om at sentralen ikkje skal ha høve til å inngå formidlingsavtale med fleire løyvehavarar.

### 5. Ledige løye

Løye som vert ledige fordi løyvehavaren legg ned verksemda eller døyr, vert kunngjort ledige i lokalpressa.

Tildeling av ledige løye skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43 eller 44.

Søkjar må godtgjera og forplikta seg til at vedkommande ved uttak av løye vil inngå formidlingsavtale med ein av drosjesentralane i Stord kommune. Løyvedokument vert ikkje utferda før fylkeskommunen har fått stadfesting frå drosjesentral om at vedkommande har inngått formidlingsavtale med sentralen.

### 6. Overgang mellom drosjesentralar

Løyvehavarane kan endra sentraltilknyting. Overgang til ny sentral kan først skje tre månader etter at opphavleg sentral har fått skriftleg varsel frå løyvehavaren om at vedkommande vil endra sentraltilknyting (oppseiingstid). Oppseiing av formidlingsavtale vert å rekna frå dato på overgangsskjema, signert både av løyvehavar og sentral. Dersom overgang ikkje skjer etter tre månader frå oppseiing, vert sentraltilknytinga og formidlingsavtalen med opphavleg sentral vidareført. Ein løyvehavar kan såleis aldri stå utan sentraltilknyting. Overgang er ikkje gyldig før fylkeskommunen på fastsett skjema har fått melding frå sentral/løyvehavar om at ny formidlingsavtale er inngått. Drosjesentral og løyvehavar har ikkje høve til å inngå formidlingsavtale som medfører avgrensingar i løyvehavarane sin rett til å byta sentraltilknyting etter dette punktet.

 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	Drosjereglement for Stord kommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjent av: Samferdselssutvalet	Gjeld frå: 01.05.2015	Tal sider: 3
	Utarbeidd av: Samferdselsavdelinga	Godkjent dato:	Revidert:	Arkivsak:

## 7. Driveplikt drosjeløyve

Løyvehavar er pålagt å innretta seg etter fastlagt køyreplan/vaktliste utarbeidd av drosjesentralen. Løyvehavar med reserveløyve er pålagt å la dette inngå i køyreplanen/vaktlista når det vert vurdert som nødvendig. Ved misleghald av driveplikta kan fylkeskommunen tilbakekalla drosjeløyve.

Drosjesentralane pliktar å setja i verk nødvendige tiltak for å sikra tilstrekkeleg bilar i drift i forhold til etterspurnaden i marknaden.

## 8. Løyve med særskilt stasjoneringsplikt

For å sikra alle delar av køyreområdet eit tenleg drosjetilbod, kan fylkeskommunen tildela drosjeløyve med særskilt stasjoneringsplikt. Eventuell stasjoneringsplikt vert fastsett på bakgrunn av ei nærmare behovsvurdering.

## 9. Prisopplysning

Drosjesentralane og løyvehavarane pliktar å gje dei reisande klår og synleg opplysning om prisane på drosjetenester. Drosjene skal ha prisopplysningar som er synlege både på utsida og innsida av køyretøyet.

Drosjesentralane pliktar vidare å syta for at det er felles oppslag med standardiserte prisopplysningar på drosjehaldeplassane. Utforming og plassering må likevel skje i samråd med offentlege styresmakter.